



**Malan á Lofti:
"Min inspirasjon
- røffe nordatlantiske
omgjevnadar"**

Frå rå natur til rått design

"- der sauene bestemmer fargane"

Eit intervju med den færøyske designar Malan á Lofti
av Veronika Seim Bech, april 2007

Den færøyske designar Malan á Lofti, har alltid vore svært fasinert av sauene. I dag lagar ho moderne og unike plagg av saueskinn med ulla på.

Færøysk design

Færøyingane er gode til å ta vare på gamle tradisjonar innan handsaming av ull, gjennom til dømes spinning, strikking, veving og toving. Dei er stolte av hand-

verkskunsten, som mellom anna vert halde i hevd i den mykje brukte nasjonaldrakta.

Men bruk av ull er meir enn gamle tradisjonar. Dei seinare åra har eit spanande miljø med heilt nye og moderande design vakse fram på Færøyane, og utmerka seg. Kolleksjonane til Malan á Lofti frå øya Vágar, er eit døme på slik ny og spanande bruk av både ull og skinn frå sau. Jakkene i Lofti-design, der skinn vert brukt med ulla på, har fått særleg merksemd.

Frå pant til avfall

Malan á Lofti har vakse opp med sauer og fortel at facinasjonen for saueskinna har vore der så lenge ho kan hugse. Ungane i bygda samla inn skinn og fekk "pant" for dei på den lokale butikken. For kvart skinn dei la på baktrappa fekk dei 5 kroner til å snope for.



Malan á Lofti

Nokre få år seinare vart alle skinna frå slaktinga kaste opp ein stor container. Malan spurde far sin kvar skinna til dei flotte sauene skulle, men kunne ikkje forstå svaret: - *Containeren skal til forbrenningsanlegget på søppelplassen.* Det var ikkje nokon som ville ha dei!

Med sau frå barnsbein av

Familien, både faren og dei 8 syskena hans, har alltid hatt sauer. Under Malan sin oppvekst var difor sauene noko som hørde naturleg til, men samstundes var det svært spanande. Ho fortel entusiastisk om fyrste gongene ho var med på "fjellgang". Familien sine sauer høyrer til ein stor flokk som går i to beiteområde. Dyra i det eine området vert samla i ei kve der det er bilveg heilt fram. Her var det vanleg at kvinnene og borna frå bygda kom til kvea med matkorger til mennene. - *Det aller beste var dersom me kom fram før mennene, for då måtte me gøyme oss bak steingjerda og sitje musestille slik at sauene ikkje vart skremde på veg inn i kvea,* fortel Malan. Medan sauene vart klypt og sortert, sprang ungane rundt og leika. - *Det var som ein festdag, minnest Malan.*

Fyrste sauesankinga

Då jenta, den eldste av syskena, var kring 9 år gamal fekk ho for fyrste gong lov til å vere med far å sanke sauer i det beiteom-



Foto: Familien Lofti

Dei tre Lofti-syskena Óluva, Malan og Hávardur, med på fjellgang våren 1992. Vesle Hávardur er heilt oppslukt av eit fargerikt lam!

rådet som låg lengre borte. Ho hugsar at det var stort! Dei fekk fri frå skulen! Og dei skulle gå langt. Der var matpakke i ryggsekken og dei måtte stå opp kl 05:00 om morgonen. Saueflokken skulle omringast, og særleg godt hugsar Malan ein tur der ho og faren fekk tildelt den ruta som gjekk på dei høgaste toppane. Medan far og dotter gjekk oppover dei bratte liene fortalde faren om sauene, og om korleis dei oppfører seg, til dømes at det var dei som laga alle stiane i terrenget. - *Eg kjende meg voldsomt vaksen, minnast Malan.* - *Det var som om eg vart betrudd noko viktig og vart mykje klokare den dagen.*



Foto: Familien Lofti



Guðrið, Hávardur, Malan og Malans far Kåre på veg for å telje lam våren 2005.

Foto: Familien Lofti

Og så var det spanande å drive sauene ned. - *Me måtte jage for å få dei til å gå, springe for å snu dyr som prøvde å stikke av og kaste med stein for å få dei som gjekk under oss framover. Og når sauene skulle fangast gjaldt det å få tak og halde, halde, halde. Me lot oss ikkje stogge av å verte trekt fleire meter bortover og bli fulle av skit og blåmerker, smiler Malan.*

Ansvarsfulle oppgåver

På slaktedagen om hausten vart ull nytta til å binde kring føtene på sauene for at dei ikkje skulle stikke av. Sauene som skulle slaktast låg bundne på alle fire føtene, klar for deling. For at delinga skulle verte heilt rettferdig vart dyra fyrst vegne og lagt i like grupper. Deretter skulle borna legge ein kniv på kvart dyr. Knivane synte så kven som fekk kva. - *Slik hadde me ei viktig og høgst betrudd oppgåve ved delinga av avdråtten, smiler Malan. - Etterpå samla me inn ullbanda og leika med dei.*

Slakting høyrer med

Sjølve slaktinga gjekk føre seg i ein kjellar. Når det vart sagt "*No skyt me*" sprang borna utanfor, men straks etter var dei inne att. Borna rørde i blodet og hjalp til med å trekkje tarmar og innvollar ut av dyra. Slaktinga var ein like naturleg del av

sauehaldet som dei andre oppgåvene. Malan forklarar - *Me tykte det var moro. Dersom to sauer vart slakta på same tid vart det gjerne konkurranse om kven av oss som klara å trekkje taramane fyrst ut. Dessutan var det viktig å få tak i urinblærene. Dei blæs me opp, og det var sjølv sagt om å gjere å få tak i dei største, frå dei store vêrane. Blærene hang i kjøkenet heilt til nyttårsafta då me fekk lov til å trakke på dei.*

Glad i dyra

Sjølv om Malan har eit avslappa og naturleg forhold til slakting er det tydeleg at ho har omsorg for dyra som ho no lagar skinntøy av. Det var berre dei vaksne sauene som skulle klyppast, så lamma vart sleppt ut av kvea før klyppinga tok til. - *Eg tykte alltid så synd på lamma då. Dei sprang jo der utanfor og breka sårt og leita etter mødrene sine. Ut over dagen vart dei vel svoltne og kanskje fann dei ikkje att mora si før det lei langt på kveld.*

Nokre gonger kunne enkelte sauer lure seg unna kvea og dermed heile klyppinga. Ulla på slike dyr ville falle av av seg sjølv utover sommaren, men den lause ulla er farleg både for fuglar og dyr. Malan hugsar tydeleg ein gong faren fanga eit lam som

hadde vikla beina sine inn i lausull. Lammet hadde vanskeleg for å gå og ulla hadde skore seg inn i beina så det gav opne sår. Det gjorde eit sterkt inntrykk på den vesle jenta.

Faren var førebiletet

Faren driv gartneri og er av den skapande, kreative sorten. - *Han var førebiletet mitt og "kunne alt",* seier Malan. I sine unge dagar ville han bli skreddar, men vart snakka frå det av sin far. Det var liksom ikke eit skikkeleg yrke for ein mann. Men det var faren som lærte Malan å stoppe sokkar og sy dei fyrste knapphola.

Yrkesvalet

Gjennom oppveksten ville Malan bli både gartner, dyrlege og tolk. Det hadde alltid lege i korta at ungane skulle ha god utdanning.

- *Men det har aldri vore ei symaskin i huset vårt,* seier Malan. Så jenta sydde kjolar til dokkene sine for hand. Då ho vart litt eldre sydde ho om på klea ho arva. - *Det var fordi eg likte å ha klede som ingen andre hadde,* forklarar Malan.

Så ein gong sist i folkeskulen spurte Malan mor si: - *"Kan eg bli designar, mor? Er det ein god utdanning? Er det mogeleg å få jobb som designar på Færøyane? Kva om eg no ikkje får noko arbeide etterpå?"* Mora svara at dette var slik som endra seg med tida. Ho kunne kanskje få jobb som designar, men dette var ikkje mogleg å vite no. Svaret og støtta vart avgjerande for Malan sitt valg. Ho tok gymnaset og søkte seg inn på skandinavias største utdanningsinstitusjon innan tøy og mote, TEKO i Herning, Danmark.

Inspirert under utdanninga

Det var gjennom eit prosjekt på skulen at Malan fekk augene opp for mulighetane til å laga noko i skinn. Studentane fekk ei

oppgåve som gjekk ut på å samarbeide med ein verksemd og laga noko som passa til deira målgruppe og deira konsept. Malan fekk samarbeide med færøyske Sirri som lagar designartøy i ull, og navnet på oppgåva var *"Finding your roots"* (Finne dine røtter).

- *Det var naturleg for meg å trekkje mi historie heilt tilbake til vikingane som brukte alt på sauene, også alt av ull og skinn. Sirri er ei "grøn verksemd" og har som mål å nytte alt frå dyra. Eg likar at det ikkje vert restar, at alle ressursane vert nytta,* seier Malan.



Foto: Lofti-Design

*LOFTI-Design
av islandsk sau,
svensk gutefår,
færøysk sau og
gammalnorsk
spælsau. Frå
framsyninga på
Nordatlantens
Brygge i Køben-
havn 2006:*

***“Sauene
bestemmer
fargane”***



Foto: Polfoto

Kolleksjonen ho laga var inspirert av klede samansett av firkanta tøyestykke, slik vi-kingane brukte det. Men i kolleksjonen skulle det også vere eit plagg som var noko heilt nytt. Og her kom ideen til LOFTI-jakkene. Rått skorne og sydde skinnjakker av saueskinn med ulla på. Malan fekk beste karakter på oppgåva, som inspirerte ho så sterkt til å arbeide vidare med sitt eige design.

Fasinerande ved saueskinna

Malan vert sterkt fasinert av saueskinna. - *Den gamle rasen på Færøyane har utruleg mange fargevariantar. Kvar gong eg går i fjella der heime slår det meg kor utruleg stor fargevariasjon det er i dei færøyske saueflokkane. Faktisk er ingen av dei like, kvar einaste skinn er unikt, seier ho. Sauene på Færøyane vert samla og klyppt om våren, og Malan vert alltid like trollbunden av å sjå dei mange og fantastiske fargane i ulla når dyra står tett i tett i kvea.*

Dessuten likar ho at fargane i skinna ho brukar er heilt naturlege. - *Det er ikkje*

nokon som har pilla ved dei, til dømes med innfarging. Det er ikkje bruk for å endre på noko, det er heller synd å øydelegge det fargespelet som naturen har skapt, meiner Malan. - Det gjev sjølvsgatt utfordringar, men det er òg akkurat det som gjer arbeidet med plagga så spennande og som gjer kvart plagg unikt. Og så er det jo litt moro at eg fekk denne spesielle ideen om å bruke skinna med ulla på, legg ho til.

Skinn av andre rasar

Malan sitt design er sterkt og kompromisslaust. - *Ja, det er jo mine røter, seier Malan. - Eg er heilt fortruleg med fargane i dei færøyske sauene. Men eg har i dei seinare år også jobba med skinn frå andre nordiske sauer. Malan fortel at fargane i skinn frå det svenske gutefåret vert til dømes meir neddempa. Fargane er meir melerte, meir rådyraktige, og det gjev nokre heilt nye moglegheiter. Ho har også arbeidd med gammalnorsk spælsau og islandske skinn, som liknar meir på skinna frå Færøyane.*



Malan held tale til kronprinsesse Mary og kronprins Frederik på Vágar 23. juni 2005.

til Danmark og me kjem frá kvart vårt saueland. Eg var svært omhyggeleg med val av skinn slik at fargane skulle passe til Kronprinsessa. Det vart nok mi flottaste og mest iaugefallende skinnjakke så langt, seier Malan. Kronprins Fredrik skulle jo også ha ei gáve, så Malan tok utfordringa og skapte ein ulljakke spesielt til han. – Eg må innrømme at eg var svært stolt då eg sjølv fekk stå for overrekkinga, smiler Malan á Lofti.

Gáve til Kronprinsesse Mary

Fyrste gongen Danmarks Kronprinsesse Mary vitja Færøyane, det var i 2005, fekk ho ei folkegave – ei LOFTI-skinnjakke. - *Eg tykte sjølv at det passa svært godt. Jakka er nært knytt til det færøyske, og er samstundes moderne og spesiell. Mary er desutan protektor for design. Vidare er me jo begge unge jenter som er innflyttarar*

Gamle husdyrrasar og moderne kvinner

Den 9. juni 2006 vart Malan invitert til Nord-Atlantens Brygge i København for å vise fram eit breitt spekter av design frå dei gamle nordiske sauerasane.

Den danske avisa "Politiken" traff godt med overskrifta "Fårene bestemmer fargene". Eit intervju med LOFTI-designeren der dei fokuserer på individualiteten i ein eksklusiv kolleksjon basert på naturfarga saueskinn:

Designarane Bine Melby frå Norge og Malan á Lofti frá Færøyane snakkar fag og felles utfordringar - tøy av skinn frå gamle husdyrrasar.



Kolleksjonen bygger på en række grundsnit, men herudover er alle jakker, frakker og veste i varierende farvenuancer, og dermed fremstår de – trods snittet – med hver sit særpræg. – "Nu gælder det om at overbevise folk og få dem til at indse, at det er dødsygt at gå rundt og ligne hindanden i fuldkommen identiske jakker eller veste. Det individuelle er meget mere interessant" mener Malan, der har stor tiltro til, at opgaven vil lykkes.

Nordisk Ministerråd og Nordisk Genbank Husdyr

I oktober 2006 vart Malan invitert til Nordisk Ministerråd og Nordisk Genbank Husdyr sitt arrangement i samband med Københavns Kulturnatt. Temaet var "Mangfoldighet" og saman med ein norsk designer, Bine Melby som arbeider med design av kuskinn, fekk ein eit innsyn i korleis fargevariasjonane i dei gamle nordiske husdyrrasar kan brukast til praktfullt tøy til pryd for moderne kvinner.

Under framsyninga vart historien bak plagga sterkt vektlagt og presentert gjennom mellom anna eit bilet-show. Malan

håpar dei gamle husdyrrasane beheld mangfaldet sitt i framtida og meiner det ville vore eit stort tap dersom skifte til andre rasar eller avl gjorde at alle sauene vart like.

Miljømerke EU-blomsten

I samband med at EU sitt miljømerke "Blomsten" feira 10 års jubileum i Bruxelles, var Malan ein av 10 utvalde designarar som tok del i ei utstilling av tøy som høver inn under dette miljømerket. Malan er oppteken av å ta vare på miljøet og glad for at skinnkolleksjonen kan fylle krava. – *Eg brukar som sagt råvara mest mogeleg slik den er, utan innfarging eller liknande.*

Eit budskap

- Eg vil at designet mitt skal ta med seg eit budskap, ei haldning, fortset Malan. - Eg legg vekt på å bruke det naturlege, og å bruke mest mogeleg, ikkje berre det beste. Dette har me lange tradisjonar for på Færøyane. Å bruke alt på dyra, både kjøt, bein, blod, innvollar, ull, skinn, horn og så vidare. Det er eit miljøvenleg utgangspunkt.



**Malan á Lofti:
"Ophavet til mitt design"**

Foto: Absalon Hansen

Dyreven i skinnjakke

Malan fortel ivrig vidare. – *Det kjennest godt å arbeide med produkt frå dyr som ein veit har hatt eit godt liv. Dei færøyske sauene har levd fritt ute i naturen. Ikkje i fangenskap. Dei er ikkje oppfødde berre for skinna si skuld. Dei skinna eg har mellom hendene er eit biprodukt av sauehaldet, og hadde ikkje vorte nytta, men berre brent, dersom eg ikkje hadde brukt dei. Mine skinnjakker er eit dyrevenleg alternativ til mange andre skinn og pelsklede.*

Arbeider også med ull

Ull frå nordiske sauerasar inngår også i Malan sitt design, men ull er eit mykje lettare materiale å arbeide med enn skinn. Den er eit mjukare materiale og den er meir fleksibel enn skinna. Forarbeidinga av ull er ikkje ein så lang prosess som forar-

beiding av skinna, og der er mange fleire stader som kan forarbeide ulla. Malan brukar både garn og ull som metervare.

Lang prosess frå råvare til sying

Skinna med ull på som råmaterialet er fyrst tilgjengeleg når dyra er slakta. Under slaktinga må det takast særlege omsyn, slik at skinnet ikkje vert skada. Skinna skal samlast inn og leggest i salt i 6 veker. Vidare må dei ligge 21 dagar i karantene, ha stempel frå dyrlegen for at dei er fri frå sjukdom og sendast til garving. Så langt har Malan prøv seg fram og nytta garveri både i Noreg og Sverige. Fyrst når skinna kjem frå garveriet er råvara klar til sying. Dette er ein lang og kostbar prosess.

Italiensk design

Jamsides med kolleksjonen av saueskinn har Malan skapt ein serie italiensk-inspirerte kolleksjonar. Dette er eit meir nedtona design, men stadig med inspirasjon frå det rå færøyske. – *Det spanande med desse plagga er at eg miksar det rå med det elegante italienske. Stilen er litt antikk og barokk, og eg elsker å kombinere det ungdomlege rå i kontrast med blonder, silke og brokade, forklarar Malan.*



Foto: Lofti-Design

Lofti-design byr også på italiensk-inspirert tøy med rått færøysk uttrykk.



Framtida for Lofti-design

Malan á Lofti er full av idear og har et veld av planar på tegnebrettet, men har ikkje på noverande tidspunkt grunnlag for å få realisert draumane. Pr. i dag manglar ho startkapital for å satse fullt på sitt eige design. Ho seier - *Mitt design er heilt spesielt, og difor er marknadsføringa utruleg viktig for meg. Min motebevisste kunde, som akkurat har sett siste mode i Genève eller Paris må forlate butikken med ei unik historie om ei unik skinnjakke frå Færøyane!* - *Og det er så langt alt for dyrt for meg.* Malan har i dag ein stilling ved ei tøyverksemd (Bestseller) i Herning der ho designer babytøy.

I framtida vil ho gjerne fortsetje med begge kolleksjonane i to linjer. Det italienske designet vil skifte litt med moten og helst komme i nye kolleksjonar fleire gonger i året. - *Men eg vil samstundes halde på skinnkolleksjonen, som ligg mitt hjarta nærast,* understrekar Malan.

- *Dette designet står fritt og er tidlaust. Eg håpar å kunne halde det som ein heilt eksklusiv liten og tidlaus kolleksjon, der det kjem til nokre nye plagg innimellom.*

Korleis skal dette finansierast?

Malan smiler av spørsmålet og fortel. - *Så langt har far min lagt ned eit stort arbeid i å samla inn og salta skinn til meg. Men eg kan jo ikkje basere ein produksjon på frivillig arbeid. Grunnlaget må vere at saueigarar får løn for skinna og for arbeidet med å samle dei inn, salte og sende dei,* understrekar Malan. Ho har gjerne spesielle krav til garvingsprosessen som kostar. Dessutan veg skinna ein del, så der

Ein Lofti-vêr frå 1983. Syskenbarnet Janus er sterkt konstantert, medan den vordande designer ser måpande på! Vêren har genparet AaAg for farge og vert kalla "fuksbrun".

I valet av vêrer har Malan sin far, gjennom 25 år, vore med og teke vare på den brune fargen i familien sin saueflokk på nordaust-spissen av Vágar. I dag haurstar Malan fruktene av den store genetiske variasjonen i flokken".



Foto: Familien Lofti



Foto: Familien Lofti

Fargerike sauer i ei av familien Lofti sine gamle samlekrver bygd av stein

er utgifter til frakt. Og så må ho ha plass til oppbevaring. - *I dag er det stablar av skinn i dei fleste rom i leiligheita mi, og det går jo ikkje i lengden, smiler ho. Til slutt kjem sjølve syinga. Det italienske desinget vert sydd i Italia, men plagga av saueskinn er så ulike og spesielle at Malan vil ha fingrane i kvart plagg sjølv. Men ho har likevel bruk for nokon som hjelper til med syinga.*

Korleis nå måla?

Malan har mange tankar om vegen framover. Ho har delteke i eit iverksetjarkurs (i regi av Ervervsrådet i Herning) og listar opp nokre element som ville vere viktige:

- Studiereise for å få meir kunnskap, inspirasjon og kontaktar.
- Få i stand avtaler med sauehaldarar om levering av salta skinn.
- Fordjupning i garving – kva er best metode, best klypping etc.
- Settje opp avtale med eit garveri.
- Utarbeide plan for logistikk.
- Få lokaler til lager og sying.
- Tilsetje syersker.
- Lage plan for marknadsføring.

Malan legg til: - *Det beste hadde vore om kolleksjonen kunne bidra til å gi grunnlag for eit garveri på Færøyane. Det var eit der tidlegare, men det er lagt ned då det økonomisk grunnlaget ikkje var godt nok. Tenk om mitt design kunne gjeve grunnlag for å halde kunnskapen om garving ved like og gi arbeidsplassar på Færøyane. Eg skulle dessiutan ynskt skinna kunne vorte ferdigforedla på Færøyane. Det ville kjennast betre i høve til mine haldningar om opphav og miljø, seier Malan*


Til slutt gjer Malan seg også tankar om framtida for sauene. - *Og tenk om design av skinn og ull kunne gjeve ekstra inntekter til sauehaldarane, og på den måten støtta bevaringa av gamle fargerike sauerasar, drøymer Malan.*

Genetisk høyrer jo dei færøyske sauene med til same gruppe som dei shetlandske, islandske og grønlandske sauene. Ho kunne tenke seg kontakt med andre designarar at ein så og sei tok noko av det beste frå kvart land og marknadsførte det som ein slags nordisk/atlantisk øy design.

Faktaboks om skinn

Talet på eigna saueskinn pr. år i dei tre landa Færøyane, Grønland og Island kan varsamt vurderast til 50 – 60.000 skin. Verdien av desse etter garving, dvs. før forarbeiding, design og sying, utgjør ca 12 – 15 mill DKK.

Verdien etter foredling, med utgangspunkt i Malan á Lofti sine produkt vil utgjere 30 – 40 mill. DKK. Dette beløp kan så gangast med minimum 2,5 for å komme til endeleg salgspris – eit ganske betydeleg beløp på ca 75 – 100 mill. DKK inkl. moms.



*Lyset bryt gjennom
vinterhimmelen over Tindhólmur.*